

**Austebygd skule og barnehage,  
5939 Sletta**

Austebygd skule og barnehage, 17/9-15

Til heimane i barnehagen og på SFO

## **Høyring om rutinane for bilkøyring opp til barnehagen/skulen - ved henting om ettermiddagen.**

På foreldremøtet for SFO, 7/9 - og på foreldrerådsmøtet for barnehagen, den 10/9, vart det tatt opp spørsmål om det kunne opnast for køyring opp på skuleplassen mellom kl. 15.30 og 16.30 i "den mørkaste" delen av året.

*Det vart presisert at det i så fall måtte køyrast veldig forsiktig, og kun parkerast på den halvdelen av skuleplassen som er nærast skulebygget.*

**Då det ikkje var enighet om å tillata oppkjøring på ettermiddagstid, vart det bestemt at foreldra skulle få uttale seg gjennom ei høyring, og at endeleg avgjerd vert tatt i eit samarbeid mellom rektor/styrrar og FAU (leiar og nestleiar) + foreldrerepresentanten for SFO.**

### **Slik er gjeldande ordning (etter høyring i foreldregruppa i 2012):**


1. Dersom ein vil køyra opp på skuleplassen ved levering når barnehagen startar om morgonen, må bilen vera nede på parkeringsplassen att seinast kl. 07.40,
2. Om ettermiddagen er det er IKKJE tillatt å køyra opp på skuleplassen. (Heller ikkje når skulen har fri.)
3. Ingen må køyra opp i bakken når dei skal henta/levera i barnehagen/på SFO: **ALLE må parkera nede på parkeringsplassen!**

-----Klipp og lever svarslippen under innan 1.oktober -----

**Ber om at ALLE kryssar av og leverer inn svarslippen under – innan 1.oktober**  
**OBS! Kun innkomne svar vert rekna med i den vidare vurdering i saka!**

- Eg/me vil halda på dagens ordning, utan bilkøyring opp på skuleplassen om ettermiddagen.
- Eg/me ønskjer at det skal verta tillatt å køyra opp på skuleplassen også ved henting, frå kl. 15.30 – 16.30, i perioden frå 1. november og t.o.m. februar månad.

Med venleg helsing

  
Torunn Tolleshaug Hovden  
styrrar/rektor